

FRÅSEGNER FRÅ ÅRSMØTET, VOSS ARBEIDARPARTI

Born og ungdom

Born og ungdom skal ha like moglegheiter til fritidsaktivitetar, utdanning og god psykisk helse uavhengig av foreldra si inntekt og deira livssituasjon. Voss Arbeidarparti ser at forskjellane aukar i samfunnet og er bekymra for korleis dette vil utvikla seg, og ynskjer også å setja i gang tiltak i Voss kommune.

Voss Arbeidarparti meiner vi må ha tiltak som jamnar ut forskjellar:

- Regulera moglegheiter for privatskular
- Tiltak som gir barn og ungdom moglegheiter til å delta på fritidsaktivitetar uavhengig av foreldra si inntekt.
- Lågterskel, psykisk helsetilbod
- Styrka frivillige organisasjonar
- Godt samarbeid mellom frivillige organisasjonar, kommune og idrettslag

Arbeid og likestilling

Mange menneske er i dag tilsette i midlertidige stillingar, og/eller i deltidsstillingar. Dette gjeld spesielt kvinner, ungdom og innvandrarar. Midlertidige stillingar gir ei usikker framtid. Menneske i midlertidige stillingar kan få vanskar med å få seg huslån. Midlertidigheit og deltidsstillingar gir usikkerheit i forhold til eiga framtid og økonomi. Midlertidigheit og deltidsstillingar avgrensar individet sin autonomi og fridom.

- Voss Arbeidarparti vil jobba for heiltidsstillingar og faste stillingar

Klima

Voss Ap vil jobba for ein framtidsretta klima- og ressurspolitikk. Kommunane må ha moglegheiter for å kunne utøva gode klimatiltak i kommunane.

- Voss kommune skal vera framtidsretta i klimaproblematikk innan landbruk
- Voss kommune skal jobba aktivt for å få ned plastforbruk
- Kommunane må jobba for kjeldesortering
- Gode tiltaksordningar for kommunar som ynskjer å satsa på klimatiltak.

Gjennomføring av fengselsstraff

Voss Arbeidarparti meiner soning bør gjennomførast i Noreg. Vi må tenka heile mennesket og moglegheitene for rehabilitering for å koma tilbake til samfunnet etter avslutta soning.

Ulvsnæsøy er eit fengsel med gode soningsforhold, Ulvsnæsøy har fokus på rehabilitering, utdanning og sjølvstendetrening. Voss Arbeidarparti ynskjer ikkje at Ulvsnæsøy skal bli nedlagt

- Fortsatt drift av Ulvsnæsøy
- Soninga skal skje i Noreg.

Innvandring og integrering

Voss Arbeidarparti vil jobba for at alle menneske skal få moglegheit til å bli integrerte i samfunnet. Med dette meiner vi å få moglegheit til å bidra i samfunnet, delta i samfunnet, forstå det norske samfunnet, og bli respekterte i det norske samfunnet. Voss Arbeidarparti, meiner vi skal utarbeida vår eigen innvandringspolitikk som ikkje kan forvekslast med Frp sin politikk på området.

- Stå for eigen retorikk
- Stå for våre humane og sosialistiske verdiar
- Ta dei vanskelege diskusjonane
- Rimelege vilkår for retur til heimlandet må innførast
- Norge bør høyra på FN sine anbefalinger i forhold til kvoteflyktningar

Fretex, Voss

Voss Arbeidarparti vil arbeida for å oppretthalda tilbod som Fretex på Voss.

Bruktbutikkar er eit viktig supplement til handel av ulike varer.

Kommunane må ta inn fleire lærlingar

Tal frå SSB syner at kommunane i åra som kjem manglar faglært arbeidskraft, særleg innan helsesektoren. KS har eit mål om at kommunane skal ta i mot to lærlingar pr. 1.000 innbyggjar.

AP vil gå inn for at dette er eit minimumsmål.

Mange elevar som vel yrkesfag i vidaregåande opplæring, får ikkje fullført utdanninga si fordi dei manglar læreplass. Mangel på læreplass resulterer i at mange unge fell ut av utdanninga og arbeidslivet.

Kommunane har høve til å ta i mot lærlingar i mange fag som t.d. helse, barnehage, tekniske tenester og kokk.

Me må syta for nok lærlingeinstruktørar og gode rettleiingsforhold for instruktørar og lærlingar.

Ved å ta inn fleire lærlingar vil kommunane

- sikra at unge får fullført utdanninga si
- leggja til rette for framtidig rekruttering
- sikra kvalifisert arbeidskraft til kommunale tenester
- vera attraktive arbeidsgjevarar

Nei til EUs energiunion

Vasskrafta har vore grunnlaget for utviklinga av Norge som industrinasjon sidan tidleg på 1900-talet. Rimeleg, rein og fornybar vasskraft har gjennom norsk konsesjonslover vore eit industripolitisk verkemiddel for etablering og utvikling av industriarbeidsplassar og industrisamfunn i store deler av landet, ikkje minst på Vestlandet.

EU har vedtatt sin tredje energipakke, der EU sin Energiunion skal ha ei overordna rolle i nettutvikling og den europeiske kraftmarknaden i EU/EØS-området. Den norske regjeringa har foreslått at Norge blir tilknytta EU sin Energiunion gjennom ACER (Agency of Cooperation and Energy Regulators). Etter ein høyringsrunde, skal denne saka bli avgjort i Stortinget i mars 2018.

Dersom dette blir vedtatt, vil det svekke råderett og kontroll over vasskrafta og norsk kraft- og industripolitikk. Dette vil kunne få dramatiske konsekvensar gjennom auka straumprisar og nettleige for både forbrukarar, kraftforedlende industri og andre næringar.

Den landbaserte prosessindustrien har store miljøjøvenlege investeringsplanar og eit utviklingspotensiale for auka sysselsetting i distrikta. Fleire eksportkablar frå Norge til EU og auka kraftprisar i Norge basert på den europeiske kraftbørsen vil legge press på løns- og arbeidsvilkåra i industrien og undergrave industriell verdiskaping og utvikling. Dette vil og få negative ringverknader for mange industrisamfunn og industrikommunar, ikkje minst på Vestlandet.

På denne bakgrunn oppmodar vi Stortinget om å:

- seie nei til norsk deltaking i Energiunionen i EU og å overføre makt til ACER
- stanse vidare bygging av kablar til EU-land til konsekvensane for norsk industri er tilstrekkeleg utgreidd
- sikre full nasjonal politisk kontroll over vasskrafta – vårt evigvarande arvesølv

Sikre genbanken for laks og sjøaure i Hardanger

Stoltenberg-regjeringa oppretta i 2013 ein genbank for bevaring av villaks og sjøaure frå ein rekke vassdrag i Hardangerfjordsystemet. I fleire år har entusiastar arbeidd for å kunne samle inn materiale for å kunne bevare laks- og sjøaurestammer for ettertida. Siktemålet er at genbanken skal ta vare på levande genar av laks- og sjøaurestammer i Hardanger. Fleire av stammene i Hardanger er rekna for å vera kritisk truga. Arbeidet er ennå ikkje ferdig.

Regjeringa Solberg har i dei to siste statsbudsjetta forsøkt å avvikle og øydelegge denne genbanken, men Stortingsfleirtalet har ikkje latt dei gjere det. Voss Arbeidarparti meiner at genbanken i Hardanger må få drive vidare til dei har eit godt nok grunnlag for å tilbakeføre stammer i dei ulike vassdraga.